Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Skodje

Emne: Brynet.

Bygdelag: Tylling

Oppskr. av: Ludvig Tylling

Gard: /

(adresse): Skodje

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bryne er det vanlege namn på eit reidskap ein brukar serleg ute i terenget til å kvessa ljåar, sigdar lauvjarn gjarnvel økser med. Disse bryner var alltid før av stein som var høggen ut av fjell, der hadde ein sers kvalitet, både sjølve steinarta, som endå meir handleikken. Det var difor ein viktig post dette å leita seg gode bryne. Disse hogne brynar var oftaste av ein ljosegrå farge, med små svarte striper i. Men var der Eitilar i dei, kunde disse bryne bitjarne mein um det kveste. Eitelar var små harde klumpar i steinen og når disse vart dragne over eggi vart bite øydelagt. Disse slags bryner fann ein ikkje i fjelli her på Sunnmøre; men handelsmenn og andre kjøpte dei dei heim frå Trondheim. Men her var ein annen sort bryne, som ein fann i eit fjell inne i Sunnmørsfjorden. Dette var svært gode bryner; men det var vanskeleg å

finna dei lange nok, då steinen var veik og spröd. Disse bryner vart kalla Skrenakk-bryne etter garden ein fann dei på.

2. I den seinare tid hev fabrikkane byrja laga brynor. Dei kallast mest for smergelbrynar og dei fleste av dei er gode bryner. Dei kan vera ca 23-25 cm lang, 4 cm breid på midten og vel 1 cm tjukk. Dei er lidt smalare mot endanne og avrunda spids. Gjarnaste er disse laga slik at ein ende er grov og den andre fin.

3. Sidan fekk fann på å brukka slipestein, vert denne no brukka til å slipa opp al slags reidskap med. Men etterpå brukkar ein, eit fint bryne eller ein hein til å taka röa på eggi med. Gamlekarane kunde og brukka tållekniven sin til å skrapa röa vekk med.

4. Slipesteinen er nok gamal heramkring; men ljåar og anna reidskap var ofta av ein dårlegåre kvalitet enn no. Ljåen kunde vera tjukk og hungrint. Der var då ein eller annan flink bonde i bygda, som laurdagsettermiddag gjekk i smia, å tynna fram ljåarne og sette ny bendsle på dei, både til seg sjölv og grannarne. Kva tid og kor lenge denne skjikken var brukka er ikkje



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

so godt å seia; men sikkert er det
at ein gjorde det på denne måten
til kring 1850 året. Etter kvart som
smedar og fabrikkar vart flinkare
til å laga reidskap og verkty, kåm
denne skjikken ut av brúk. Der
er nok ein og annen karen, som
ikkje vil snåmenka seg til å
slipa ljåane sine; men dei fleste
vaksen nok til å halda bite i
den med bryne. Ellest vert eggi
tåligare for steinhagg når ein
kvesser med bryne, enn når
ein tynnslipar den på ein slipe
stein. 5. Før slipesteinen kåm
i brúk, hadde ein flate liggande
steinar til å kvessa reidskap på.
Disse vart kalla „Sand". Men
det er lenge no sidan den var
i brúk her. No er der ein stor
Oljestein, som fagsnekkarane
brúkar. Den er liggande på
høvlebenken når ein brúkar den.
Men den slags vert ikkje brúkta
på gardsbrúk. Det var ikkje so
sjeldan, når gardsfolkje hadde
slege Túnteigen, å dei kåm lenger
frå heimen, at dei hadde slipestein
med seg. I skogsslætti kunde dei
berre slå tvo klyftor ned i marki
å leggja so slipesteinen der opp i.
Til sånne brúk hadde ein helst
mindre (lette) steinar som var
lettare å flytta på. Den kan endå



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

gå igjen nemningar som prova dette. Dei seier på markì ned med „Slipesteinsbrötå"

6. Til vanleg brukte ein å slipa ljåen middag og kveld; men som nemnt under punkt 4. var det ein og annen som lot heile slipingi vera. Kanskje laurdag tok dei ljåen heim og gav den ein omgang.

7. Det kan og vera dei som brukte tvo bryner. Eit grovt til å tynna eggi med, og eit finare til å finkvessa med. Dette er mein lekvinnt no sidan ein fekk tak i smergelbrynar, som er både grov og fin. Bryner av tre veit eg ikkje den her ankking.

8. På Sunnmør gjømt over er det skjik å bruk å hava ljåen på orvet når ein slipar den. Men i Romsdalen brukar dei berre eit langorv til fleire ljåer. Der tek dei ljåen av orvet, som ligg att på teigen; men ber ljåarne med seg. Dette var langorv. Men stutt orven fyl. ljå og orve til slipesteinen. Når slipesteinen gjeng frå mannen i overkant, må ein venda eggi mot seg når ein slipar

9. Når ein bryner langorven set ein enden av orvet i markì og held ljåen med venstre hand og kvetjar med den högre; men to brukar ein mest krokdrabeankking.

Når ein bryner stuttorven er det ikkje



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

alle som held den på same måten. Sume set enden av orve millom båe knei og held ljåen i stødleik med venstre hand og kvet med den högre. Andre kan berre halda ljåen fram for seg på venstre sida og stød den slik inn til seg med venstre hand.

10. Dei fleste som driv med ljåslått brukar brynestokk. Dei kan vere laga på ymse måtar. Sume er av blikk og lodda saman. Andre kan laga dei slik, at ein hev ei passande breid fjöl, lang og smal, å brukar so attåt tjukkt lær, um galvanisert jarn i ein oval rundung og spikrar dette på fjöla. Desse må då hava botn av tre. Storleiken måtar ein slik der er plads for eit bryne i vidda. Der er og dei som hev hola ut brynestokk av heilt tre. Desse brynestokkarne er utstyrt med ein jernkrok som slåttekaren festar, anten på beltereimi eller på buksolinningen. 11.-12. Fell burt

13. Dei fleste vil helst bruka fuktige brynar. Dette er for at dei skal halda seg reine, å verkar på den måten snarare og betre på eggi. Men ein og annen kan og stikka bryne i stumma eller leggja det frå seg på ein stein. Når graset er vått kan ein berre svelve med



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

brynet fram i graskanten og fikk
ha det på den måten.

14. Her i bygdarne (kallast) avfallet på brynet for „Brynegôr". Det vart ikkje bruka til nokor nytte; men verkar meir til skade med di, ein skjemmar sjarka og busserullen serleg på venstre armen. 15. 16. Fell burt

17. Er brynesteinen hard meinar folk at den mjuknar når den ligg eit år i ei myr.

18. Slå – slå, slå!!!
Bryn du på ljåen so bit han nok på.

## Slåttevise.

Nå ute på åkeren guttene slår,
Ritsj Ratsj! Ritsj Ratsj!
og kornet de skjærer som modent nå står.
Ritsj Ratsj! Ritsj Ratsj!
Se hvor ljåene blinker og skjinner
Ritsj Ratsj! Ritsj Ratsj!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
255

3 mars 1947 Ludvig Fylling